

TEMA: Byggjeskikken ①115, Frå monumentvern ④15

KART: ④433, ④434


Finne

ÅTTUNGSSKIPNADEN OG FJORDUNGSSKIPNADEN

Å dela eit tinglag opp i åttandedelar eller firedeler må i tidleg norsk historie ha vore ein skipnad som vart nytta i lokalstyringa. På Voss er frå tidene før høgmellomalderen (1200-talet) åttungsskipnaden gjennomført: Vangssokna var oppdelt i Dyrvedals, Gullfjordungs, Borstrandar, Vinjar, Bøjar, Kvitlar, Bordals, og Vikjaråttungar. I vegabotsbrevna frå 1342 og 1343 ser vi korleis bøndene i åttungane får tildelt oppgåver i vedlikehaldet av hovudvegane.


Stadnamna viser at åttungsskipnaden kan ha avløyst ein fjordungsskipnad, som må ha vore grunnlagd mykje tidlegare. Åttungnamnet Gullfjordungen peikar mot dette, og like eins Fjordungamoen, som ligg ovanfor garden Bryn, der no Kvitlar og Bordals åttungar møtest. Denne moen synest etter namnet – Fjordunga er genitiv fleirtal – å ha lege der to fjordungar møtest.

Både fjordungs- og åttungssoppdelinga er reint administrative og praktiske ordningar som ikkje har noko med folkegrupper eller malføregrensar å gjera.

**FINNE OG FINNESLOFTET**

PETER BONDE, som sat med FINNE mot slutten av 1200-talet, hadde ein springande hjort i skjoldmerket sitt. Denne hjorten er grunnlaget for utforminga av beradsmerket til Voss. Peter Bonde og etterføljarane hans fekk band om mange gardar og gardpartar; det såkalla Finnegodset vart eitt av dei største jordegodsa i landet.

Finnesloftet teikna av Peter A. Blix i 1888 (④415).



FINNESLOFTET må vera frå tida før svartedauden, kanskje frå 1200-talet.

Det har vore ein ruvande bygning. Byggjemåten er uvanleg. Første høgda er to jamstore lafta buer med ein smal gang mellom, og på desse buene kviler andre høgda, som er stavbygd. I dette loftet er det ein stor sal fremst, og eit mindre rom bak mot den øvre gavlen. Mykje tyder på at buene har vore matlager, og at det store rommet i andre høgda har vore festsal, kanskje brukt av Mikaelsgildet på Voss i mellomalderen.

Mot slutten av 1800-talet var Finnesloftet mykje til nedfalls. Fortidsminneforeningen kjøpte loftet i 1891 og fekk det restaurert; eitt av dei mest sjeldsynte trehus i Noreg – og i Europa – frå mellomalderen. □


Detalj som ber bod om godt handverk.



Kartet viser åttungsskipnaden på Voss etter skattemanntalet i 1647. Det viser eigentleg 10 åttungar; truleg er nokre av dei delte i to etter mellomalderen.

T.h.: Detalj frå portalen på Lydvaloftet, oppmålt av Jens Bull, 1912.

Nedanfor: Lydvaloftet. Akvarell av Peter A. Blix, 1888

**LYDVALOFTET**

Garden LYDVO ligg i Gullfjordungen, vestanfor folkehøgskulen på Seim. Gardsnamnet er eit gammalt vin-namn, nemnt i eit diplom frå omkring år 1300. På 1400-talet budde den kjende bonden ORM IVARSSON, gift med GYRID BÅRSDOTTER frå Tørsnes, her.

I nyare tid har garden vore delt i tre bruk, med kvar sitt loft. Det som no vert kalla LYDVALOFTET, hørde til på bruk nr. 1, Oppigarden. Loftet vart granska i 1860-åra og seinare, og i 1909 kjøpte Fortidsminneforeningen loftet og flytte det ut or det gamle tunet.

Lydvaloftet er tomra i to fulle høgder, truleg frå før 1350. Opphavleg har dei øvste tømmerstokkane i første høgda vore lengre, og bore ein svalgang som gjekk rundt loftet i andre høgda. Loftet vart seinare ombygt. Det er kanskje mest kjent for ei pryddør i andre høgda, med figurmålingar på beitskiene og treskurd på veggstokkane attmed dørøpninga.

